



## Husreglar for leige av Kaupanger IL sitt klubhus

1. Leidgetakar avtalar med husvert når lokala og instruksane skal gåast gjennom og kvar nøklar skal hentast og leverast.
2. Leiga omfattar i utgangspunktet kjøkken, storsal, møterom og toalett på dagtid / kveldstid. Om leidgetakar har behov for å nytte andre rom i klubhuset må dette avklarast i forkant. Det er ikkje høve til å overnatte i klubhuset, dette grunna særskilte brannkrav i høve dette.
3. Leidgetakar er ansvarleg for at klubhuset ikkje vert nytta på ein slik måte at omdømet til Kaupanger IL og anlegget vårt vert skada. Det må og takast omsyn til idrettsleg aktivitet i området og at naboar ikkje blir unødig uroa.
4. Det er ikkje tillate med røyking i huset eller i nærleik av huset.
5. Det er ikkje tillate å nytte alkohol eller andre rusmiddel i klubhuset eller på idrettsanlegget.
6. Alle arrangement vert å rekna som lukka arrangement. Ansvarleg for leige av klubhuset må vera over 25 år, og det skal alltid vere vaksne tilstades under utleiga.
7. Leidgetakar er ansvarleg for skade på hus og inventar ved leigetilhøvet. Skadar som oppstår skal betalast på leidgetakar si rekning.
8. Det vert anbefalt at leidgetakar kontrollerer hus og inventar for synlege skadar før bruk, og rapporterer eventuelle funn til utleigar.
9. Det er ikkje høve til å ta bord, stolar eller anna lausøyre ut frå klubhuset.
10. Leidgetakar pliktar å følger instruksar som heng på kjøkenet
11. Ved avslutning av tilstellinga har leidgetakar ansvar for at:
  - alle personar er ute av huset
  - alle vindauge og dørar er stengt og låst
  - levande lys er sløkt
  - alle elektriske artiklar er slått av
  - naudsynt varme er på i følge instruks om straum og fyring



12. Før nøklar vert levert attende til avtala tidspunkt, har leigetakar ansvar for følgjande:

- Kjøkken er rydda og reingjort.
- Bord og stolar er reingjort.
- Lokala er rydda.
- Golva er kosta, og bos er sett i stort rom i kjellar.
- Uteareal er rydda for bos, boset plassert i stort rom i kjellar.

13. Utleigar kan ved bråk, uro eller klage til ein kvar tid inspisere lokalet under tilstellinga.